

PROTOKOLL**Møte i Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 1/2014****Tid: Fredag 12. desember kl. 11:00 – 11:40****Stad: Alver hotel****Til stades:**

Ordfører:	Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Kristin Handeland, Knut Mo, Jarle Skeidsvoll (vara for Kari Aakre)
Rådmenn:	Ørjan Forthun Raknes, Reidun Halland (frå sak 5/14), Ingvild Hjelmtveit (frå sak 7/14)
NUI:	Rune Heradstveit, Håkon Matre (valt styreleiar nytt selskap - frå sak 7/14)
Forfall:	Kari Aakre, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Odd Ivar Øvregård, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås

Sak 1/14	Val av møteleiar og to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Samrøystes vedtak: <ul style="list-style-type: none">▪ Jon Askeland vart valt til møteleiar▪ Kristin Handeland og Hallvard Oppedal valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 2/14	Godkjenning møteinnkalling og saksliste Samrøystes vedtak: <ul style="list-style-type: none">▪ Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.
Sak 3/14	Konstituering av representantskapet – val av leiar og nestleiar Forslag til Samrøystes vedtak: <ul style="list-style-type: none">▪ Jon Askeland vart valt til leiar i Representantskapet. Kari Foseid Aakre vart valt til nestleiar i Representantskapet.
Sak 4/14	Val av styremedlem og varamedlemmer til styret for 2015-2016. Val av leiar og nestleiar Astrid Aarhus Byrknes foreslo Anne-Grete Strøm-Erichsen som nestleiar til styret. Forslag til Samrøystes vedtak <ul style="list-style-type: none">▪ Håkon Matre, Torbjørn Nævdal og Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til styremedlem for 2015-2016. Steinar Hunskår og Rita Tveiten vart valt til varamedlemmer til styret for 2015-2016.▪ Håkon Matre vart valt leiar i styret. Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til nestleiar i styret.▪ I kommunestyrehandsaminga av selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS påpeika fleire kommunestyre at styret burde bestå av 5 medlemmer og 2 vara medlemmer for å sikra breidde med omsyn til både representasjon og kompetanse. Inntil ein revisjon av selskapsavtalen vert gjort, ber Representantskapet om at dei to vara medlemmene deltek fullverdig i styret for å sikra breiast mogeleg kompetanse, men utan stemmerett.

Sak 5/14	<p>Fastsetjing av godtgjersle til Representantskapet og styret</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Honorar vert sett til kr. 0,- for leiar og nestleiar i Representantskapet. ▪ Honorar vert sett til: <ul style="list-style-type: none"> - Styreleiar: kr. 50 000,- - Nestleiar og medlem: kr. 25 000,- - Vara medlem: Møtehonorar kr. 2 000,- pr. møte, når vara møter fast kr. 20 000 pr. år. <p>Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>
Sak 6/14	<p>Val av revisor</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Activ Revisjon DA vart valt til revisor i selskapet.
Sak 7/14	<p>Godkjenning budsjett 2015 og økonomiplan 2016-2018 for Region Nordhordland Helsehus IKS</p> <p>Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingselskap IKS la fram utkast til budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018.</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet godkjenner framlegget til årsbudsjett for 2015. <p>Dersom det skulle vera vesentlege endringar eller auke i utgiftene i forhold til budsjettet, ber Representantskapet styret koma tilbake med oppdatert budsjett når styret er konstituert og lån med vidare er på plass.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet godkjenner framlegget til økonomiplan for 2016-2018.
Sak 8/14	<p>Godkjenning av låneopptak for Region Nordhordland Helsehus IKS</p> <p>Samrøystes vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Representantskapet godkjenner at styret på vegne av Region Nordhordland Helsehus IKS kan oppta eit lån innanfor ramma på kr. 300 millionar som er gjeve i selskapsinstruksen.
Sak 9/14	<p>Eventuelt</p> <p>Intet.</p>

Knarvik, 12. desember 2014



Jon Askeland
Møteleiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Kristin Handeland
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS



Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS